



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2018 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 970 125 442
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE
Forretningsadresse: Brendøyvegen
6906 FLORØ

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2018 - 31.12.2018

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Berit Alise Høivik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 06.06.2019

Grunnlag for avgivelse

År 2018: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2017: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2018

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 29.04.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
RESULTATREKNESKAP			
Salgsinntekt			
Annen driftskostnad	1		
Driftsresultat			
Annen finansinntekt			
Annen finanskostnad			
Netto finans			
Ordinært resultat før skattekostnad		0	0
Ordinært resultat etter skattekostnad		0	0
Årsresultat		0	0



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2	7 391 622	7 391 622
Sum varige driftsmiddel		7 391 622	7 391 622
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler		18 200	18 200
Sum finansielle anleggsmiddel		18 200	18 200
Sum anleggsmiddel		7 409 822	7 409 822
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum omløpsmiddel		0	0
SUM EIGEDELAR		7 409 822	7 409 822
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		4 246 483	4 246 483
Annan innskoten eigenkapital		2 812 939	2 812 939
Sum innskoten eigenkapital		7 059 422	7 059 422
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		350 400	350 400
Sum opptent eigenkapital		350 400	350 400
Sum eigenkapital		7 409 822	7 409 822



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		7 409 822	7 409 822



Årsregnskap

2018

**Kystmuseet i Sogn og
Fjordane**



Årsrapport 2018 Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har ein målsetting å skulle spegle det som er karakteristisk for levesettet på kysten av Sogn og Fjordane. Endring og fornying er sentralt for kystfolket sett i eit historisk perspektiv, som også omfattar dagens situasjon. Kystmuseet har også vore i endring frå tida det vart etablert til dagens situasjon.

Eigarstyret i 2018

Eigarstyret for Kystmuseet i Sogn og Fjordane har seks medlemmer med personlege vara. Dei tilsette ved Kystmuseet har fast representasjon og vel sine styrerepresentantar sjølve. Flora kommune, som er vertskommune, har og fast representasjon, men her blir styre- og vararepresentant vald av årsmøtet. Elles vel årsmøtet kvart år to styre- og vararepresentant frå dei andre kommunane og to styre- og vararepresentant frå lag og organisasjonar.

På årsmøtet 29. mai vart Odd Bovim attvald, (Flora kommune) med personleg vara Jan Henrik Nygård (Flora kommune) som også vart attvald. Stig Oldeide (Sogn og Fjordane Fiskarlag) med attval av Svein Olav Igland som vara.

Etter årsmøtet i 2018 var eigarstyret for Kystmuseet samansett slik:
Odd Bovim, styreleiar, representant frå Flora kommune, vertskommunen
Gunn Sande, nestleiar, representant frå Selje kommune
Stig Oldeide, Sogn og Fjordane Fiskarlag
Gro Arnstøl Birknes, representant frå Gulen kommune
Jorunn Sundal, representant for Sogn og Fjordane Ungdomslag
Øyvind Atle Skarstein, representant for dei tilsette ved Kystmuseet

Vararepresentantar:

Jan Henrik Nygård, Flora kommune (for Odd Bovim)
Kåre Jarl Langeland, Bremanger kommune (for Gunn Sande)
Svein Olav Igland, Sogn og Fjordane Fiskarlag (for Stig Oldeide)
Bjørn Magne Hansen, Solund kommune (for Gro Arnstøl Birknes)
Inge Masdal, Sogn og Fjordane Ungdomslag (for Jorunn Sundal)
Bjørn Fjellheim, tilsett ved Kystmuseet (for Øyvind Skarstein)

Valnemnd:



På årsmøtet 29. mai blei det vald slik valnemnd: Sonja Hjørnevåg, leiar, Olav Horn og Gaute Losnegård

Revisor:

Deloitte A/S, Florø

Årsmøtet i 2018

I følge vedtektene skal årsmøtet vere samansett slik: To utsendingar frå kvar kommune, to frå kvar av organisasjonane og to utsendingar frå dei tilsette ved Kystmuseet.

Årsmøtet 2018 vart halde på Kystmuseet, der desse møtte:

Sogn og Fjordane Ungdomslag: Jorunn Sundal

Vågøy kommune: Olav Horn

Flora kommune: Odd Bovim

Gulen kommune: Margrethe Thune Trædal

Askvoll kommune: Gaute Losnegård

Bremanger kommune: Magne KJerpeseth

Selje kommune: Gunn Sande

Frå eigarstyret møtte: Bjørn Fjellheim

Kystmuseet: Øyvind Skarstein, Berit Høivik, avdelingsdirektør og Bente Hovland Henriksen, referent.

Desse var ikkje representert på årsmøtet: Hyllestad kommune, Solund kommune, Florø Båtforening, og Sogn og Fjordane Fiskarlag.

Styrearbeid

Eigarstyret har hatt to møter i 2018. Viktige saker som var handsama var:

- Fusjon mellom MiSF og KSF og endring av vedtekter
- Planlegging og gjennomføring av årsmøtet
- Årsmelding, rekneskap
- Forvaltning av eigedomane til eigarstyret i Kystmuseet i Sogn og Fjordane og ny vegtilkomst til Kystmuseet sit hovedbruk i Florø

Tilsette ved avdelinga

Fast tilsette:

Jorunn Bjerk, formidlingsleiar, tilsett juli 2017

Bente Hovland Henriksen, sekretær

Berit Høivik, avdelingsdirektør

Bjørn Fjellheim, førstekonservator 80% stilling, 60 % frå 1.juli

Jill Tefre, museumshandverkar

Sveinung Reksten, museumshandverkar 80% stilling

Øyvind Skarstein, museumshandverkar

Sesongtilsette:

Torje Rimmen, omvisar

Iver Bakke Nydal, omvisar

Kari Anne Bakke, omvisar

Malin Askvoll, omvisar



Hanna Høidal, omvisar
Iselin Paris, omvisar, Vågsberget
Simen Nordheiml, omvisar, Vågsberget

Likestilling

Museet hadde 7 fast tilsette, der det var fire kvinner i 100% stilling, ein mann halve året i 80 % og neste halve i 60%, ein mann i 80% og ein mann i 100% stilling. I styret på seks er det tre menn og tre kvinner.

Arbeidsmiljø

Museet har i periodar vore prega av stor ressursmangel på personalsida. Det psykososiale arbeidsmiljøet vert vurdert som godt. Det fysiske arbeidsmiljø er dårleg i høve til verkstad, då det har blitt bygd opp eit midlertidig verkstad i eit av dei antikvariske bygga på museumsområdet. Det er framleis mangel på eige personalrom, der personalet kan ha sine pausar avskjerma frå besøkande på museet.

Ytre miljø

Museet har ikkje ulovleg utslepp som forureinar det ytre miljø. Museet har datablad, godt arkiv og god kontroll med dei stoff som blir nytta på museet.

Økonomi

Kystmuseet i Sogn og Fjordane, har eit avdelingsregnskap under Musea i Sogn og Fjordane. Dette regnskapet viste eit positivt resultat på kr.116 264. Det som ligg no i eigarstyret er verdien på eigedomar som kjem fram i balansen.

Midlar avsett i fond og gåver/ tilskot blir brukt på avdelinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Frå dei åtte kystkommunane som Kystmuseet har ansvar for, fekk Kystmuseet eit tilskot på kr.1 122 772. Hyllestad kommune betalte ikkje sin del av tilskotet for 2018.

Føresetnaden for fortsett drift ligg til grunn.

FORNYING

Fornyng har såleis vore eit sentralt omgrep på Kystmuseet innafor ulike perspektiva og arbeidsoppgåvene. I samband med marknadsføring, freistar vi å nå nye grupper som ikkje er etablert brukarar av museet. Gjennom det siste året har vi brukt sosiale medium meir aktivt i annonsering av aktivitetar på museet.

Ny bruk og nytt engasjement kan følgjande nemmas:

- **Kurs-** Vidarefører kurs på dagtid samband med museet si rolle med å ta vare kulturhistoria, gir ei fagleg fornyng og utvikling. Ved å invitere museumshandverkarar innafor MiSF til Kystmuseet, med innleigde kurshaldarar, er med på å skape eit fellesskap i å utvikle og ta vare på kunnskap innafor bedrifta. Seglmakarkurs – samarbeid med partslaget Bakkejekta i å arrangere seilmakarkurs, med å sy nytt segl til Bakkejekta. Kurshaldar frå Hardanger Fartøyvernssenter. Smikurs over to dagar ved Nilsenslippen, med kursleiar Kjetil Torvund.
- **Lev Vel prosjekt** ei vidareføring av samarbeidet mellom Flora kommune og Fylkeskommunen, med eldreomsorg er i sentrum. Med kultur som helsefremming, der

Kystmuseet er ein sentralt møteplass, skal gje ei kulturoppleving for eldre, innafør og utanfor den kommunale omsorgstenesta.

Omsorgssenteret si dagavdeling har faste dagar på museet med meiningsfulle aktivitetar, frå plukking av boss i uteområde, luking i potetåkeren og å olje ulike gjenstandar frå den mekaniske verkstaden på Nilsenslippen og anna arbeid som også er til nytte for museet. Pensjonistkoret «Sanglede» var ein del av Lev Vel, der dei deltok på tur til Vågsøy i møte med pensjonistkkor i Vågsøy, og besøk på Vågsberget.

- **Lara-** prosjektet er samarbeidet med Flora kommune sin rusomsorg, der det å restaurere ein av museet sine båtar, er i 2018 også utvida til å omfatte ein eldre traktor, som skal settast i stand med reingjering for rust og måling.
- **Kystsommarleik** for born i alderen 6 – 13, vart gjennomført over 4 dagar, i veka før skulestart. Tema for Kystsommarleik var å lære born å ferdast på sjø gjennom å ro, segle, bruke påhengsmotor, fiske og sette krabbeteiner. Det var eit samarbeid med frivilligheitsentralen i Florø som hadde avsett fire plassar. Arrangementet var gjennomført ved hjelp av to pensjonistar og ungdom frå sjøspeidarane, i tillegg til formidlingsleiar. Kystsommarleik var svært godt mottatt av dei som deltok og etter evaluering, vil vi vidareføre dette tilbodet.
- **Arrangement av Kysthelg**, med korkonsert med damekoret Fryd og segling på fjorden med «Bakkejekta».
- **Bornas museum**, var ei ny-satsing for å skape aktivitetar for born, på faste dagar gjennom sommaren. Sommarguidar deltok aktivt i å aktivisere born som kom på besøk.
- **Utplassering frå byggfag**, der Øyrane vidaregåande skule hadde ein elev på utplassering på praktisk i 6 veker på museet.
- **Museumskonsert**, der det var arrangert tre sommarkonsertar og ein romjuls-konsert. Konserten kunne også kombinerast med museumsbillett.
- **Deltaking på Fjordsteam i Bergen med autolinebåten Haugefisk.**

Immateriell kulturarv

I det daglege legg museet vekt på den immaterielle kulturarven gjennom munnleg formidling til besøkande. I formidlinga legg vi også stor vekt på den immaterielle kulturarv gjennom handlingsboren kunnskap, med bl.anna smiing, bygging av leikebåtar, sildeflekking og arbeid på Autolinebåten Haugefisk. Arbeid knytt til restaurering og forvaltning av uteområde, er handverksprosessen ein kunnskapsbase som vi som museum tek vare på som ein sentral del av eit restaureringsprosjekt.

FORVALTNING

Antikvariske bygg

- Kystmuseet inviterte til møte mellom handverkarane i MiSF, som var den 7. februar på Kystmuseet, der temaet var problemstillingar knytt til restaurering av Bataldebua.
- **Bataldebua**, der heile taket var tatt saman med to av veggane. Innvendig var det laga nytt tørkestativ for silda.
- **Standalbua** vart rydda i fellesskap, der gjenstandar vart flytta til løa på Krokane og bua vart klargjort for tiltak på nord-veggen.
- På **Vågsberget** var driftsbygning og stabburet måla.

Farty

Haugefisk, fekk i 2018 kr. 120 000 i tilskot gjennom avtale mellom Bremanger kommune og Riksantikvaren sin SAVOS- ordning. Tilskotet var brukt til oppgradering av maskin med bl. anna dieslagregat. Rapporten frå synfaringa som Hardanger Fartøyvernssenter utførte låg føre

på nyåret. Det var søkt om midlar til restaurering av skippersalong på kr.700 000 hos Stiftinga Uni, der Haugefisk fekk eit tilskot på kr. 240 000.

Det var søkt om midlar til eksosanlegg på kr . 250 000, frå Riksantikvaren, men denne vart avslått.

Museet har tematiske ansvar for fartøy, som inneber å vere sekretær for styret for Veteranbåtlaget Atløy og Stiftinga Svanhild, i tillegg til autolinebåten Haugefisk som er eigd av museet. Museet har det fagleg ansvar for restaurering av desse fartøya og kontakt med ulike statlege og fylkeskommunale myndigheiter.

Gjenstandar

Arbeid med rydding i «magasinet» for å få plass til kunstverka til bjørn Hegrans har pågått også utover i januar. Det har ikkje blitt registrert gjenstandar i denne perioden.

Avdelingsdirektør gjennomførte kurs på bevaingscenteret i Salhus om handtering og pakking av tekstilar.

Forvaltning av administrasjonsbygga

- Arbeidet med å skifte ut sikringssskåp har pågått også i 2018
- Det har blitt rydda og vaska i administrasjonsbygga
- På administrasjonbygga var det eit-års befaring på arbeid med betongfundamentet og årskontroll på anlegget for katodisk beskyttelse.
- Rubbhallen vart teken av storm og presenningsduken på heile nordveggen og taket var blåst av.
- I båthallen fekk det nye store vindauget skade i same stormen, som også forårsaka ein del rotvelta trer i området, som no har blitt rydda.

Forvaltning av uteområda

Arbeidet med friluftsområdet på Brendøya, ei halvøy på museumsområdet, er eit prosjekt som er kome til ved at tilskot frå Fylkeskommunen til Flora kommune, har blitt vidareformidla til Musea i Sogn og Fjordane si avdeling Kystmuseet.

Tiltaket i det statleg sikra kulturlandskap er todelt, der det blir etablert sti og rasteplass i lyngheiområdet, beita av geit og sau. I tillegg er området skilta, for å gje dei besøkande innblikk i sambandet mellom kultur og natur i dette området og landskapet rundt.

Potetåkeren på Brendøya blir dyrka og hausta. Ny brønn har blitt laga og erstatta den gamle på Brendøya.

Vedlikehald av trevegar og bruer over området. Trer og parkområdet rundt på museumsområdet får jamt skjøtsel. Hagen på Jotun blir forvalta etter plan, der det i år har blitt utført ein del gravearbeid.

Arbeid i uteområdet på Vågsberget blir fordelt mellom folk frå Florø og guidar som arbeider med omvising i sommarsesongen.

FORSKING

Det har ikkje vore utført forskingsprosjekt. Kunnskapsutvikling har føregått gjennom nye tekstar på dei faste utstillingane våre.

FORMIDLING

- **Faste opplegg** med skuleklassar blir gjennomført vår og haust. Her kan nemnast sildeflekking i februar/mars, mat og helse, båtar og leik, barnehagar/ 1.klassingar i



potetåkeren. Samarbeid med oljebasen, der oljeutstillinga vår er sentral. I år var også vi ein del av Newton-satsing, med energi og olje som sentrale tema.

- **Bjørn Hegrans** sine teikningar, grafikk og materialbilder, var med på utstilling: «**Frå likskap og brorskap til fridom**» på Eikåsgalleriet, eit samarbeidsprosjekt med Sogn og Fjordane Kunstmuseum.
- **Autolinebåten Haugefisk**, deltok på «Fjordsteam» i Bergen, første helga i august. Det var open båt og utstillingar og formidling i regi av Kystmuseet, som hadde fire tilsette om bord saman med dugnadsgjeng frå Haugefisk sine vener, som i tillegg til fast mannskap deltok i formidling av båten. Det var tellekorps om bord som telte besøkande til i overkant av 2500 frå torsdag til søndag.
Innafor den fylkeskommunale DKS «Mitt museum», eller tidskapselen som det også er kalla, lagar kvar museumseining sin eigen produksjon, for 9. klassar. Kystmuseet valde å bruke autolinebåten Haugefisk og fekk godkjent konseptet og dekkja alle kostnader frå fylkeskommune. Det resultere i eit prøveprosjekt på våren og etter at prosjektet var godkjent ein tre vekers turnering langs kysten av Sogn og Fjordane der alle 9. klassar i kystkommunane deltok ein dag på sjøe, med setting og draging av line, i kombinasjon av ein kulturhistorisk undervisningsopplegg om fiskerinæring og livet på kysten i fortid og notid. Evaluering av prosjektet ga svært positive resultat og mange gode tilbakemeldingar frå deltakarar og positive medieoppslag.
- **Kystdag** i samarbeid med 4 H- dag første søndag i september
- **Juletilbod** til skulane i Flora kommune, der temaet er juletradisjonar før og no med vekt på aktivitetar.
- **Adventsaktivitetar** for born på museet søndagar før jul og på julemarknaden i Florø sentrum ein søndag i adventstida.
- **Temakveld:**
«**Dinosaur på norsk grunn**» ved Dinosaurforskar Jørn Hurum frå naturhistorisk museum, Oslo.
Presentasjon av boka «**Kystfolk i Bremangen**» ved forfattar Magnus Torvanger,
«**Tettstadsutvikling**» ved arkitekt Kolbjørn Nybø.
- **Opent museum** i samband med sesongopning 23. juni og bygdelaget si Jonsok-feiring på Vågsberget. Fotoutstillinga «Tett på kystkvarden» av fotograf og jekteskipper Anders p. Wallevik, ei utstilling utlånt av Hardanger Fartøyvernssenter, vart også vist i 2018. På Vågsberget var det ei gudsteneste i tunet 29.juli.
- **Kunstlaget** sine utstillingar på museet: Utstillinga «Vis meg din Thorsheim», var ein utstilling der kunstlaget fekk låne bilder av Thorsheim frå private som også fortalde korleis dei hadde fått bildet. Juleutstilling ved Tommy Bredesen (foto/måleri), Anita Holmøyvik (keramikk) og Roald Johannesen (glas).

Museet har blitt presentert gjennom ein artikkel om «aktiviteten på museet», skreve av avdelingsdirektør, i Jul i Sunnfjord, utgitt av Sunnfjord Ungdomslag.

Veteranbåtlaget Atløy, Stiftinga Svanhild, slektsforskningsgruppa i regi av Flora Historielag, Flora Kunstlag, har faste møter på museet. Andre sporadiske kurs og møteverksemdar blir også halde i Kystmuseet sine lokalar. I tillegg er det utleige til private arrangement.

Kystmuseet har ope med faste opningstider heile året, med hovudsesong i perioden medio juni til medio august.

Totalt tal på besøkande fordelt mellom born/vaksne og gruppe /enkeltbesøk

				2018	2017	2016
Enkeltbesøk /vaksne	barn	Grupper /vaksne	born	Totalt	Totalt	Totalt



4050	2978	1297	2350	10 675	7949	6299
------	------	------	------	--------	------	------

Immateriell kulturarv

I det daglege legg museet vekt på den immaterielle kulturarven gjennom munnleg formidling til besøkande. I formidlinga legg vi også stor vekt på den immaterielle kulturarv gjennom handlingsboren kunnskap, med blant anna smiing, bygging av leikebåtar, sildeflekking og arbeid på autolinebåten Haugefisk. Arbeid knytt til restaurering og forvaltning av uteområde, er handverksprosessen ein kunnskapsbase som vi som museum tek vare på som ein sentral del av vår verksemd.


Inkluderande mangfald

Kystmuseet har som målsetting også å ivareta rolla som museum, møtestad og kollektivt minne for andre enn etniske nordmenn. Vi har også i 2016 hatt samarbeid med opplæringscenteret i Flora kommune. Desse besøka på museet har også fungert som kunnskapsutveksling.

Lova om diskriminering og tilgjenge

Kystmuseet er godt tilrettelagd forhold for personar med nedsett funksjonsevne, med tilgang til alle publikumsområder ved hjelp av heis og rullestolsrampar.


Florø 06. juni 2019


Odd Bovim

Stig Oldeide


Gro Arnstøl Birknes

Gunn Sande


Jorunn Sundal


Øyvind Skarstein


Berit Alise Høvik



Kystmuseet i Sogn og Fjordane Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	2017
Driftsinntekter		0	0
Annen driftskostnad	1	0	0
Driftsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt		0	0
Annen finanskostnad		0	0
Resultat av finansposter		<u>0</u>	<u>0</u>
Årsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>



Kystmuseet i Sogn og Fjordane Balanse 31.12.

Eiendeler	Note	2018	2017
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	2	7 391 622	7 391 622
Sum varige driftsmidler		<u>7 391 622</u>	<u>7 391 622</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		18 200	18 200
Sum finansielle anleggsmidler		<u>18 200</u>	<u>18 200</u>
Sum anleggsmidler		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>
Sum eiendeler		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>




Kystmuseet i Sogn og Fjordane Balanse 31.12.


Egenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital		4 246 483	4 246 483
Annen innskutt egenkapital		2 812 939	2 812 939
Sum innskutt egenkapital		<u>7 059 422</u>	<u>7 059 422</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		350 400	350 400
Sum opptjent egenkapital		<u>350 400</u>	<u>350 400</u>
Sum egenkapital		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>7 409 822</u>	<u>7 409 822</u>


Florø, 06.06.2019


Styret i Kystmuseet i Sogn og Fjordane



Odd Bovim
styreleder


Jorunn Sundal
styremedlem


Stig Rune Oldeide
nestleder


Gro Arnstøl Birknes
styremedlem


Gunn Karin Sande
styremedlem


Øyvind Atle Skarstein
styremedlem


Berit Alise Høivik
daglig leder



Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Noter til regnskapet for 2018

Regnskapsprinsipp

Driften av Kystmuseet i Sogn og Fjordane er fra og med 1. januar 2009 overtatt av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. I tillegg inngår driften av Nordfjord Folkemuseum, Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Museum, Norsk Kvernsteinsenter og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (herunder stiftinga Norsk Reiselivsmuseum).

Note 1 – Ansatte, godtgjørelser, mv.

På grunn av ovenfornevnte har ikke stiftelsen ansatte. Det er ikke kostnadsført godtgjørelse til styret i året. Det er ikke kostnadsført revisjonshonorar i året.

Note 2 - Driftsmidler

I tråd med avtalen med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eiendeler og forpliktelser fra og med 2009 overført fra Kystmuseet i Sogn og Fjordane til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Det som ligger igjen i stiftelsen etter dette er; verdien av bygninger, samt grunnkapital og annen egenkapital. Bygningene blir ikke avskrevet. I tillegg eig stiftinga ikkje balanseførte samlingar.



Deloitte AS
Hafstadvegen 25
NO-6800 Førde
Norway

Tel: +47 57 72 13 80
www.deloitte.no

Til styret i stiftelsen Kystmuseet i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Kystmuseet i Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit resultat på kr 0. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av stiftelsen sin finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvise bilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som iltikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS



Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.



Deloitte

side 3
Uavhengig revisor si melding 2018
Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftelsen er forvalta i samsvar med lov, stiftelsen sitt føremål og vedtektene elles.

Førde, 6. juni 2019
Deloitte AS

Hans Jørgen Kirkeeide
statsautorisert revisor